




NORSK MEDBORGERPANEL

MEDBORGERNOTAT

«Stortingsval 2017 - Veljarvandring»

Marta Rekdal Eidheim
Marta.Eidheim@uib.no
Universitetet i Bergen
Januar 2018



Digital Social Science
Core Facility



Stortingsval 2017 - Veljarvandring

Resultat frå Norsk medborgerpanel

I dette notatet vil ei oversikt av veljarovergangar i stortingsvalet 2017 verte presentert. Data er samla inn gjennom Norsk medborgerpanel ved Digital samfunnsvitskapleg kjernefasilitet (DIGSSCORE), Universitetet i Bergen. Data kan i dette notatet gir oss svar på to overordna spørsmål, nemleg kvar veljarane frå 2013 gjekk og kvar 2017-veljarane kom frå.

Fortrinnet til overgangsmatrisene frå Norsk medborgerpanel er panelkomponenten i undersøkinga. Resultata i dette notatet kjem frå deltakarar som vart rekruttert i høvesvis 2013 (runde 1 av Norsk medborgerpanel) og 2014 (runde 3 av Norsk medborgerpanel)¹. Ved rekruttering vart dei spurt om kva parti dei stemte på hausten 2013. I og med at dei har svart på dette kort tid etter valet, vil desse resultata vere meir pålitelege enn om vi 2017 skulle spurt både om stemmegiving haust 2013 og haust 2017. Det er mindre sannsynleg at respondentane hugsar feil, og i tillegg er dei ikkje påverka av spørsmål om stemmegiving i 2017. Spørsmålet om kva dei stemte på i stortingsvalet 2017 kjem frå Norsk medborgerpanel runde 10 som var i felt oktober/november 2017. Desse resultata er dermed basert på svar frå om lag 3700 respondentar som har vore med i panelet i tre eller fire år. Så vidt vi veit er det unikt i norsk samanheng at ein har følgt så mange respondentar si stemmegiving over tid².

Kvar gjekk 2013-veljarane stortingsvalet 2017?

I tabellen under ser vi oversikt over 2013-veljarane fordelt på kva dei stemte i 2017. Tabellen fortel oss kva veljarane frå 2013 stemte i hausten 2017, og på denne måten får vi innblikk i

¹ På grunn av at inngangen til spørsmål om stemmegiving valg 2013 var noko forskjellig i runde 1 og runde fokuserer dette notatet på dei som stemte ved begge vala. Sjå appendiks for meir informasjon om dei som ikkje stemte.

² Sjølv om datagrunnlaget er solid, er målingar sjeldan *heilt nøyaktige*. Derfor er det nokre mindre avvik mellom totaloppslutninga til partia i Norsk medborgerpanel og det faktiske valresultatet. I tillegg vil det vere større usikkerheit knytt til fordelingane innanfor parti med mindre veljargrupper enn dei med større veljargrupper.

lojaliteten til veljarane mellom dei to vala. På grunn av noko forskjell i måten kategorien «ikkje stemt» vart presentert i runde 1 og runde 3, er den ikkje inkludert i desse tabellane³.

Parti 2013	Parti 2017										Total	N
	AP	H	FRP	KRF	SP	V	SV	MDG	R	Annet		
AP	68	6	3	1	8	2	7	2	3	1	100	1081
H	5	73	7	2	4	6	1	1	0	1	100	1022
Frp	2	17	71	1	5	1	0	0	0	3	100	398
Krf	5	11	4	64	7	1	2	3	1	1	100	222
SP	7	4	1	0	80	1	4	1	1	1	100	164
V	15	15	1	2	9	39	9	8	2	2	100	292
SV	14	1	0	0	6	0	61	5	11	1	100	278
MDG	12	2	1	1	6	3	17	44	13	2	100	160
R	11	1	0	0	4	1	12	3	65	3	100	75
Annet	14	6	22	2	4	4	8	2	4	34	100	50

Tabell 1. Kva stemte 2013 veljarane? Prosent. Norsk medborgerpanel (2013-2014, 2017)

Oversikta viser at dei store partia som Høgre, Framstegspartiet og Arbeiderpartiet har stor lojalitet hos 2013-veljarane. Arbeiderpartiet har mista litt veljarar til Sp (8 prosent) og SV (7 prosent, og også nokre til Høgre (6 prosent). Dei av Framstegspartiet sine veljarar som har skifta parti går i størst grad til Høgre (17 prosent), og nokre til Senterpartiet (5 prosent). Høgre mister nokre veljarar til Frp (7 prosent), nokre til Venstre (6 prosent), nokre til Ap (5 prosent). Også her tek Senterpartiet nokre prosent av veljarane (4 prosent).

Senterpartiet, som gjorde eit særleg godt val, fekk også med seg ein stor del av dei «gamle» veljarane sine, og ser ut til å vere partiet med størst lojalitet dette valet. Dei som går frå Senterpartiet hamnar stort sett hos Ap (7 prosent), og nokre hos Høgre og SV (høvesvis 4 prosent kvar).

Krf, som gjorde sitt dårlegaste val etter krigen⁴, har samanlikna med støttepartifelle Venstre relativt god lojalitet, men tal frå Valgundersøkelsen i 2013 viser at dette er lågare lojalitet samanlikna med førre val⁵, og kan vere med på å forklare noko av nedgangen til partiet. Av dei Krf-veljarane som endrar parti i 2017 går flest til Høgre (omtrent 11 prosent av Krf sine

³ Meir informasjon om spørsmåla i Norsk medborgerpanel er tilgjengeleg via NSD: http://www.nsd.uib.no/nsddata/serier/norsk_medborgerpanel.html

⁴ Kjelde: SSB

⁵ Tal frå denne undersøkinga viser at 88 prosent av Krf-veljarane i 2009, valgte Krf igjen i 2013, frå Aardal og Bergh (red). *Valg og velgere. En studie av stortingsvalget 2013. Oslo: Cappelen Damn.*

2013-veljarar). Senterpartiet plukkar også opp ein del Krf-veljarar (7 prosent), i tillegg til at nokre går til Arbeiderpartiet (5 prosent).

Venstre har den lågaste lojaliteteten av dei sentrale partia. Veljarane går til parti både i raudgrøn og borgarleg blokk. Flest av veljarane går til Høgre og Arbeiderpartiet (begge får 15 prosent), men også SP, SV og MDG får ein ikkje ubetydeleg del tidlegare Venstre-veljarar.

Blant SV sine 2013-veljarar er det omtrent 61 prosent som igjen stemmer SV hausten 2017. Dei som forlèt SV går i størst grad til Arbeidarpartiet (14 prosent) og Raudt (11 prosent). MDG har ikkje like trufaste veljarar, og under halvparten av dei som stemte på dei i 2013 stemmer på dei igjen i 2017 (omtrent 44 prosent). Dei fleste av dei tidlegare MDG-veljarane går til SV (17 prosent), Raudt (13 prosent) og Ap (12 prosent). Raudt sine veljarar er meir lojale, og rundt 65 prosent stemte på dei igjen. Dei partia 2013-veljarane til Raudt vandrar til er SV (12 prosent) og Arbeidarpartiet (11 prosent).

Kvar kom 2017-veljarane frå?

Ein annan måte å sjå på veljarovergangar er å sjå på 2017-veljarar fordelt på kva parti dei stemte på i 2013. Ved å sjå på ein slik tabell kan ein danne seg eit bilete av kvar partia henta sine veljarar frå.

Parti 2013	Parti 2017									
	AP	H	FRP	KRF	SP	V	SV	MDG	Rødt	Annet
AP	78	6	7	6	24	8	22	15	23	18
H	6	78	17	9	11	28	4	8	2	17
Frp	1	7	69	1	6	2	0	1	1	17
Krf	1	3	2	79	5	1	1	4	1	3
SP	1	1	0	0	38	1	2	1	1	3
V	5	5	0	3	7	55	7	15	3	7
SV	4	0	0	0	5	0	51	9	21	4
MDG	2	0	0	1	3	2	8	45	14	4
R	1	0	0	0	1	0	3	1	34	3
Annet	1	0	3	1	1	1	1	1	1	24
Total	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
N	938	954	406	181	346	207	335	157	146	71

Tabell 2. Kvar kom 2017-veljarane frå? Prosent. Norsk medborgerpanel (2013-2014, 2017)

Om vi først ser på dei to største partia Arbeiderpartiet og Høyre, stemte dei aller fleste veljarane deira også på dei i 2013 (78 prosent). Dei to partia har utvekslar veljarar. 6 prosent av dei som stemte på Høyre i 2017 kjem frå Arbeidarpartiet, og 6 prosent av dei som stemte i 2017 Arbeidarpartiet kjem frå Høyre. Høyre får også nokre veljarar frå Frp (7 prosent) og Venstre (5 prosent). Arbeidarpartiet får også nokre veljarar frå Venstre (5 prosent), og SV (4 prosent).

Framstegspartiet sine veljarar i 2017 er i stor grad veljarar som stemte på dei i 2013. I tillegg er det ein del tidlegare Høyre-veljarar blant dei som stemte Frp i 2017 (17 prosent). Dei hentar også ein del Arbeidarparti-veljarar (7 prosent av dei som stemte Frp i 2017).

Dei to sentrumspartia hamna begge akkurat over sperregrensa ved valet, men dei fekk si oppslutning på svært forskjellige måtar. Av dei som stemte på Krf er det i stor grad dei som stemte på dei i 2013 som stemmer igjen (79 prosent). Dei får nokre veljarar frå Høyre (9 prosent) og Arbeidarpartiet (6 prosent), men rekrutterer altså i stor grad blant tidlegare veljarar. Blant Venstre sine 2017-veljarar er omtrent halvparten Venstre-veljarar frå 2013. Venstre låg dårleg an på målingar før valet, og det var knytt ein del spenning til om dei kom til å hamne over sperregrensa. Då dette skjedde var det mange som rekna med at Høyre-veljarane hadde redda Venstre. Resultata her tyder på at dette kan vere tilfelle. Omtrent 28 prosent av Venstre sine veljarar kjem frå Høyre. Ein mindre del av Venstre-veljarane kjem frå Arbeidarpartiet (8 prosent).

I og med at Senterpartiet auka si oppslutning med 4,8 prosentpoeng frå førre val⁶, hentar dei mange veljarar frå andre parti. Omtrent 38 prosent av veljarane deira i 2017 stemte på dei førre val. Ein stor del av dei nye veljarane kjem frå Arbeidarpartiet (omtrent 24 prosent). Dei hentar også 11 prosent av veljarane sine frå Høyre. Frå borgarleg blokk hentar dei også veljarar frå Frp (omtrent 6 prosent av SP-veljarane) og Venstre (omtrent 7 prosent av SP-veljarane).

Sosialistisk venstreparti hadde i 2017 eit betre resultat enn i 2013. Omtrent halvparten av veljarane stemte på dei førre gong. Dei hentar flest veljarar frå Arbeidarpartiet (22 prosent). Nokre veljarar kjem frå MDG (8 prosent) og Venstre (7 prosent).

⁶ Kjelde: SSB

MDG ser ut til å ha henta også fleire veljarar frå andre parti enn blant egne veljarar, med 45 prosent tidlegare veljarar blant 2017-veljarane. Dei fleste kjem frå høvesvis Venstre og Arbeidarpartiet (15 prosent). I tillegg til ein noko mindre del frå SV (omtrent 9 prosent) Høgre (omtrent 8 prosent).

Raudt auka si oppslutning i 2017 samanlikna med 2013, og hentar flest veljarar frå andre parti. Dei får om lag 23 prosent av veljarane sine frå Arbeidarpartiet, og cirka 21 prosent frå SV. I tillegg er ein del frå MDG (14 prosent).

Avslutning

Stortingsvalet 2017 enda med at den borgarlege sida fekk fleirtal i Stortinget, og dermed vart det ikkje noko stort politisk skifte. Dei borgarlege partia gjekk trass i dette noko tilbake i oppslutning samanlikna med valet i 2013. Arbeidarpartiet gjorde det også dårlegare enn føre val, medan Sosialtisk Venstreparti og særleg Senterpartiet auka si oppslutning.

Basert på denne oversikta ser det ut til at dei to regjeringspartia har ganske stor lojalitet blant veljarane frå 2013. Dei som skiftar parti frå Frp går i stor grad til Høgre. Høgre-veljarane frå 2013 som er noko meir spreidde og går delvis til Frp, Venstre, Ap og Sp. Dei som stemmer Frp i 2017 kjem stort sett frå Frp, og ein del kjem frå Høgre. Høgre sine veljarar i 2017 stemte i stor grad Høgre i 2013. Dei hentar flest andre veljarar frå Frp, men også nokre frå Arbeidarpartiet og Venstre.

Sentrumspartia opplevde nedgang samanlikna med valet 2013. Venstre har lite lojale veljarar, og 2013-veljarane til partiet gjekk både til Høgre og raudgrøne parti. Venstre sine veljarar i 2017 kjem i størst grad frå Venstre, men som det vart snakka om etter valet er det også mange tidlegare Høgre-veljarar blant dei som stemte Venstre i 2017. Krf sine veljarar er meir lojale enn Venstre sine. Veljarane som forlèt partiet gjekk til Høgre først og fremst, men også mindre grad Senterpartiet og Arbeidarpartiet. Dei som stemte Krf i 2017 er stort sett dei som stemte på partiet i 2013. Valet var ikkje særleg godt for Krf, og dei rekrutterer ikkje mykje, men nokre veljarar kjem frå Høgre, og i mindre grad Arbeidarpartiet.

På raudgrøn side ser vi at Arbeidarpartiet sine veljarar er ganske lojale. Dei mistar flest veljarar til eiga blokk ved Sp og SV, og også nokre til Høgre. Dei fleste Arbeidarparti-veljarane i 2017 kjem frå Arbeidarpartiet. Dei hentar litt veljarar frå Høgre, og i mindre grad Venstre og SV.

Senterpartiet ser i 2017 ut til å ha dei mest lojale veljarane. Delen dei mistar går først og fremst til Ap, og nokre til SV og Høgre. I og med at dei aukar mykje i oppslutning, hentar dei mange veljarar frå andre parti. Den største gruppa er frå Arbeidarpartiet, men også ein del frå Høgre, i tillegg til mindre delar frå andre parti.

SV sine veljarar er ganske lojale. Dei veljarane dei mistar går til stort sett til Arbeidarpartiet, og til ei viss grad Rødt. Dei hentar halvparten av veljarane sine i 2017 frå eige parti, og resten stort sett frå Arbeidarpartiet, og til ei viss grad MDG.

MDG sine veljarar kan ikkje reknast som veldig lojale. Ein god del av deira veljarar frå 2013 går i 2017 til SV, Rødt og Arbeidarpartiet. Under halvparten av veljarane dei får i 2017 er tidlegare MDG-veljarar. Dei nye veljarane kjem stort sett frå Venstre, Ap og SV.

Rødt sine veljarar er ganske lojale. Dei mistar flest veljarar til SV og Ap. I 2017 er omtrent ein tredjedel Rødt-veljarar frå 2013. Resten kjem først og fremst frå Arbeidarpartiet, og også SV og MDG.

Appendiks

I Norsk medborgerpanel runde 1 vart respondentane først stilt spørsmålet om dei stemte ved valet. Deretter fekk dei eventuelt spørsmål om kva dei stemte på. I runde 3 stilte ein spørsmål om kva respondentane stemte, der «stemte ikke» var eit svaralternativ, i tillegg til f.eks «Hadde ikke stemmerett» osv. I spørsmålet om ein stemte i runde 1 skil ein ikkje mellom dei som ikkje har stemmerett og dei som ikkje stemte av andre årsaker. Difor er det i denne rapporten fokusert på dei som stemte. Likevel er relevant å sjå på resultatata også med dei som ikkje stemte. Desse er underrepresenterte i undersøkinga, og når dei er få er det viktig å ha i mente at dette gjer resultatata noko meir usikre. For å sikre at dei som svarar at dei ikkje stemte i runde 1 har stemmerett er det berre dei som i tillegg oppgir at dei har norsk statsborgarskap som er inkludert.

Tabellane under viser stemmeovergangar med dei som ikkje stemte.

Parti 2017													
Parti 2013	AP	H	FRP	KRF	SP	V	SV	MDG	R	Annet	Stemte ikke	Total	N
AP	68	6	2	1	8	2	7	2	3	1	1	100	1090
H	5	71	7	2	4	6	1	1	0	1	2	100	1040
Frp	2	17	70	0	5	1	0	0	0	3	2	100	405
Krf	5	11	4	64	7	1	2	3	1	1	0	100	222
SP	7	4	1	0	80	1	4	1	1	1	1	100	165
V	15	15	1	2	8	39	8	8	2	2	1	100	296
SV	14	1	0	0	6	0	61	5	11	1	0	100	279
MDG	12	2	1	1	5	3	16	43	12	2	2	100	164
R	11	1	0	0	4	1	12	3	64	3	1	100	76
Annet	13	6	21	2	4	4	8	2	4	32	6	100	53
Stemte ikke	12	13	14	1	8	1	4	5	3	9	31	100	138

Tabell 3. Kvar gjekk 2013-veljarane? I prosent. Norsk medborgerpanel (2013-2017).

Parti 2017											
Parti 2013	AP	H	FRP	KRF	SP	V	SV	MDG	R	Annet	Stemte ikke
AP	77	6	6	5	24	8	22	15	22	16	10
H	6	76	17	9	10	28	4	8	2	14	20
Frp	1	7	66	1	6	2	0	1	1	14	8
Krf	1	3	2	78	4	1	1	4	1	2	0
SP	1	1	0	0	37	1	2	1	1	2	1
V	5	4	0	3	7	55	7	15	3	6	4
SV	4	0	0	0	5	0	50	9	20	4	1
MDG	2	0	0	1	3	2	8	43	13	4	4
R	1	0	0	0	1	0	3	1	33	2	1
Annet	1	0	3	1	1	1	1	1	1	20	3
Stemte ikke	2	2	4	1	3	0	1	4	3	14	47
Total	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100	100
N	954	973	425	183	357	208	340	164	150	83	91

Tabell 4. Kvar kom 2017-veljarane frå? I prosent. Norsk medborgerpanel (2013-2017).